

# Fjell kyrkjeblad

Informasjon for Fjell, Foldnes og Landro sokn  
Nummer 6 – 2020



## Advent kjem til oss

Ei annleis førjulsfeiring med skulane og barnehagane

SIDE 6



➤ Glimt frå ei korøving SIDE 10



➤ Foto frå T10 og T11 SIDE 14



# Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellestråd


**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidedeilete:** Ingjerd, Elisabeth, Maria og Beate gjer seg klar til barnehagebesøk.

**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

## Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringsar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **12. januar 2021**

## Kontaktinformasjon

 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellestråd

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden  
www.kyrkja.no/t-dagen

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd:**  
1506.35.46523

# Leiar

**Olav Martin Vik**

Redaktør



Når du les dette bladet så er me på veg inn i advent. I år vert førjulstida annleis enn tidlegare år. Lite visste me i fjor på denne tida at 2020 skulle bli eit år styrt av eit virus, eit virus som råkar menneske over heile verda. Viruset set grenser for det meste me driv på med og gjer oss litt matt. Ventetida fram mot jul dette året vert ei tid der me ventar på ein vaksine og me ventar og håpar på at me kan feire jul under nokolunde normale omstende. Det er usikkert. Det er eit alvor over dette. Eg har skrive mange gonger at me rår ikkje med alt. Eigentleg er livet ganske så usikkert. Takk til Gud som rår med alt og som alltid er der. Takk til Gud som sendte Jesus, det viktigaste me skal vente på i tida fram til jul, også i ei koronatid.

I tillegg til å vere kyrkjeverje har eg også vore redaktør for kyrkjebladet i Fjell og ØyNytt som kjem ut i Hjelme og Blomåg sokn (gamle Øygarden). Det har vore ei interessant og spennande oppgåve. Arbeidet vart lettare når fellestrådet fekk informasjonsmedarbeidar. Kyrkjeblada når mange. Me arbeider heile tida for å gjere bladet sitt innhald interessant for lesarane. Dette er den siste utgåva eg er redaktør for.

Eg takkar av som redaktør for Fjell kyrkjeblad og ønskjer alle ei fin førjulstid og adventstid.

## Ta vare på kvarandre!

**Tom Georg Indrevik**

Ordfører i Øygarden kommune

I eit spesielt år som dette er det trygt og godt å vita at julebodskapen står fast. Eg håpar at dette vil inspirera oss til å ta vare på kvarandre og gjera ein forskjell for nokon som treng det. Alle kan gjera litt. Kanskje kan vi invitara på besøk eller ta ein telefon til ein person vi ikkje har besøkt på lenge? La oss alle saman gjera dette til ein god jul for kvarandre. I år treng vi det meir enn på lenge.

Eg ønskjer alle innbyggjarar, tilsette og andre lesarar ein fredeleg jul.

Me lever i usikre tider. I dette nummeret har me annonsert gudstenester, arrangement og konsertar. Men me veit ikkje korleis smitteverntreglane er om nokre veker.

**Følg difor med på våre nettsider  
www.kyrkja.no/oygarden  
for oppdatert informasjon.**

**Julaftan og nyttårsaftan er  
telefon og kontoret stengt.  
Postmottaket vert besvart  
kl. 09.00 – 12.00.**

## Innhald

Julehelsing frå soknerådsleiarar.....	4
Jul i kyrkjene i år .....	4-5
Advent kjem til oss.....	6-7
Vårkonsert-dugnad i Foldnes kyrkje .....	8-9
Landro barne- og tweenskorøving.....	10
Julekonsertar.....	11
Visitas og kommunemøte .....	12
T-dagen.....	13-15

**Jan Tommy Fosse**

Prost i Vesthordland prosti



## Vert det jul i år?



Jul er ei høgtid med mange tradisjonar. Det vert ikkje jul før... og så fyller vi inn med dei tinga og tradisjonane som skapar jul for den einskilde av oss. For nokon er det knytt til julemiddag, for andre er det pyntinga. For nokon handlar det om å gjere seg ferdig med julegåvene, og for andre vert det ikkje jul før ein syng «Deilig er jorden» i kyrkja på julaftan.

Eg er spent på korleis denne jula vert. På veg inn i adventstida legg vi bak oss eit år prega av smittverntiltak, handsprit, naudsynt avstand og usikkerheit. Mange er engstelege og einsame, urolege og redde. For mange, også i vårt nærmiljø, har

denne tida vore meir enn krevjande. Korleis vert denne jula? Kan me feire slik me brukar å gjere? Kan me feire saman? Vert det mogleg å syng «Deilig er jorden» i kyrkja?

Det er mykje me ikkje veit om det som ligg framfor oss. Men me veit at jula kjem og at me nok ein gong kan få vandre vegen saman med det unge paret frå Nasaret, mot Betlehem. Me veit at me kan få feire at Gud vart menneske då Jesus vart fødd i stallen, og me veit at me kan få syngje med englane på Betlehemsmarka: «Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Kanskje vert denne jula annleis enn ho brukar å vere. Men, det vert likevel jul. For jula handlar om han som vart fødd i stallen i Betlehem, han som kom frå Gud for å vere nær oss menneske, han som syner oss Guds kjærleik.

I år har eg ei oppmoding til deg. Hugs på dei som ikkje ser fram til denne jula. Ta ein telefon eller gå innom med ei helsing – det kan vere den beste julegåva du kan gje.

For meg vert det ikkje jul utan at eg syng:

Mitt hjerte alltid vanker i Jesu  
føderom,  
der samles mine tanker som i sin  
hovedsum.  
Der er min lengsel hjemme,  
der har min tro sin skatt;  
jeg kan deg aldri glemme,  
velsignet julenatt! (NoS 38)

Med ynskje om ei god adventstid og  
velsigna julefeiring!





## Julehelsing frå soknerådsleiarane



**Per Helge Refvik**  
Soknerådsleiar  
i Foldnes sokn

Julen 2020 blir nok en annerledes jul. For noen kanskje ekstra vanskelig. Juleevangeliet er en fortelling om en Gud som ikke svikter, men tar bolig midt iblant oss. En Gud som gir styrke og trøst, og er et fast holdepunkt i en verden som synes å vakle. La julebudskapet gi oss håp, og inspirere oss til å hjelpe hverandre med å lete etter store og små velsignelser som vi kan glede oss over.



**Jorunn S. Gjersvik**  
Soknerådsleiar  
i Fjell sokn

God jul?  
Vert julehøgtida slik at alle som vil har nokon å gle seg saman med? Julebodskapen er den same i år også. Kom, høyr og syng!

«I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren». Lat oss gle oss over det vesle barnet! «Han er frelsar min» - og DIN.  
GOD JUL!



**Tove Karin Angeltveit**  
Soknerådsleiar  
i Landro sokn

I denne annleis-tida, der så mange ting ikkje er slik det pleier, er det godt å hente fram dei gamle kjente julesongane. Med ønske om ei velsigna og fredfull julehøgtid.

«Det lille barn i Betlehem, han var en konge stor som kom frå himlens høye slott ned til vår arme jord»

# Jul i kyrkjene

*Endringar i oppsett plan kan på grunn av koronarestriksjonar kome på kort varsel. Dei vert kunngjort på kyrkja sine nettsider, på Facebook, og om mogeleg i VestNytt.*

### Foldnes kyrkje

**Julaftan kl. 14.00 og 16.00**  
Gudstenester ved Maria Tveten  
Strøyming av gudstenesta kl. 14.00 på Facebooksiden til Foldnes kyrkje

**1. juledag kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste ved Bjarte Nese

**27. desember kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Kaldestad

### Fjell kyrkje

**Julaftan kl. 14.00 og 16.00**  
Gudstenester ved Morten Torsvik

**1. juledag kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad

**2. juledag kl. 12.00**  
Ung messe ved Morten Torsvik

**Nyttårsaftan kl. 23.15**  
Midnattsmesse ved Morten Torsvik

### Landro kyrkje

**Julaftan kl. 14.30 og 16.00**  
Gudstenester ved Bjarte Nese

**1. juledag kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste ved Maria Tveten

**Nyttårsdag kl. 12.00**  
Gudsteneste ved Bjarte Nese

## Julaftangudstenester i Fjell, Foldnes og Landro kyrkjer

I år vert det påmelding til gudstenestene på julaftan i kyrkjene våre.



Sokneprest i Foldnes kyrkje, Maria Tveten, sokneprest i Landro kyrkje, Bjarte Nese og sokneprest i Fjell kyrkje Morten Torsvik håpar at dei kan invitere til gudsteneste i julehøgtida. Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Noko vert annleis denne jula, men i kyrkja skal sjølv sagt den store høgtida markerast og feirast! Kyrkjene våre plar å vere heilt fulle av feststemde og høgtidspynta menneske. I år inviterer vi òg til å feire julegudsteneste i kyrkjene våre, og det vert to familiegudstenester på julaftan i alle dei tre kyrkjene våre. Slik det ser ut, i skrivande stund, håper vi at vi kan få invitere til gudsteneste, sjølv om dei vert avgrensa i høve til gjeldande reglar med tanke på mengde plassar

Difor vert det påmelding til julaftangudstenestene i alle kyrkjene våre, og **påmeldinga opnar kl. 12.00, måndag 14. desember**. Då kan du melde deg på via nettet [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no), du kan ringe til kyrkjekontoret på tfl. 400 03 316 eller

du kan møte opp på kyrkjekontoret på Straume.

Viss du ikkje får plass, vert det òg mogeleg å strøyme julegudstenesta frå Foldnes kyrkje kl. 14.00, via Foldnes kyrkje si facebookside.

Frå gammalt av, var det den tradisjonelle høgtidsgudstenesta 1. juledag som fylte kyrkjene våre. Framleis er det mange som veljer å gå i kyrkja denne dagen. Vi håpar at endå fleire vil velje desse gudstenestene i år, i og med at færre kan kome til kyrkja på sjølve julaftan. I alle kyrkjene våre vert det 1. juledagsgudsteneste kl. 12.00, men denne gudstenesta treng de ikkje melde dykk på. Følg likevel med på nettsida vår for ny informasjon

om det skulle bli endringar i retningslinjene.

For nokre år sidan tok vi opp igjen ei annan tradisjon frå 80-tallet. På 2. juledag inviterer vi alle, både unge og gamle, til julegudsteneste kl. 12.00 i Fjell kyrkje. Ungdom og unge vaksne er særskild inviterte. Vi ønskjer at så mange som mogeleg av studentar og andre som er heime i jula kan møtast i Fjell kyrkje 2. juledag. I år vert det midnattsmesse på nyttårsaftan i Fjell kyrkje kl. 23.15.

Julehøgtida kjem. Den store og einestående budskapet om at Gud vart menneske, skal markerast og feirast i år og. Vi ønskjer kvar og ein ei fin adventstid og ei velsigna julehøgtid.



# Advent kjem til oss

Snart kjem den fine tida med venting, lilla lys i staken, julesongar og håp. Advent.

TEKST: ANNE LUDVIGSEN KALDESTAD  
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Kyrkjetenar Ingjerd, kyrkjelydspedagog Elisabeth, Maria prest og kyrkjelydspedagog Beate er klare for å ta imot barnehagane til vandring i kyrkja.

Ikkje alt kan gå som normalt i år. Heller ikkje dei årlege barnehage- og skulegudstenestene. Eit normalt år strøymer barnehagabarn, klassane med skulebarn og ungdommar til kyrkjene sine her vest. Alle så klar for ei adventsstund der, før jula kjem. Ein vakker og viktig tradisjon.

Men det vert altså ikkje nett slik i desember 2020. Men advent kjem.

## Dei minste viser veg

I år er det dei minste barna som tek oss vaksne med inn i juleevangeliet. Barna kan, som kjent, alt om rolleleik. No er det dei store som må fylgje dei små, og snakke deira

språk! Elisabeth finn keisarkappa, gullbelte og laurbærkransen fram. Ingjerd trekk i englekostyme og får på glorien, og Maria prest – ja ho er Maria som finn fram julekrybbe og Jesusbarn. Beate testar ut konge-kostymet. Dei nysydde små kongekappane skal barna få låne. Slik rigger dei tilsette seg til i alle kyrkjene

i kommunen. Snart er ein klar til å møte barnehagebarn til julevandring! Vipps, så er juleevangeliet kome heilt nær! Då kan alt skje!

## Via skjerm i klasseromma

Alt i september vart det klart at også julegudstenestene for skulane må verte annleis. Skulane og kyrkja la ein god plan saman i Skule-kyrkje-utvalet. Dei var kreative og fann løysing. Det gjeld å sjå moglegheiter i problema. Når det er umogeleg for skulane å kome til kyrkja, ja då kjem kyrkja til skulane. Via skjerm. Smittefritt og trygt! Nett i desse dagar pågår innspelinger i kvar kyrkje, slik at filmen den einskilde skulen får skal vere så lokal som mogleg. Elevane

får møte sin prest, sin organist, kyrkjetenar og pedagog. Og det i si lokale kyrkje, men digitalt. Nokre klassar er alt i gang med innøving av sine bidrag inn i filmene som er under produksjon; Song, lystenning, opptrinn med meir. Men kven veit, kanskje kjem det uventa gjester inn via skjermen også? Uansett blir det adventsstemming i alle klasserom og kohortar!

Kanskje kan ein sjå det slik at ytre innskrenkingar opnar oss meir for det djupe innhaldet i advent og jul. Kan det vere at vi ser noko nytt i år?

**God advent og jul!**



Det vert innspeling av gudsteneste for skulane, med innspel frå ulike skular og kyrkjer.

**Bibeldagen  
søndag  
31. januar 2021**



Bibeldagen er den årlige feiringen av Bibelens plass i menigheten, i Norge og i verden. På Bibeldagen setter vi Bibelen i sentrum og gleder oss over at vi har den på vårt eget språk og samler inn penger til bibelprosjekt i andre land. I Nygård kirke har vi nå i fem år lagt til rette for en økumenisk samling for Bergen og omegn med økende tilslutning.

**Samling i Nygård kirke  
31. jan. 2021 kl. 18.00**

Velkomen til  
*julefest* i kyrkjene!

Fjell kyrkje  
laurdag 2. januar 2021  
kl. 16-18

Landro kyrkje  
laurdag 2. januar 2021  
kl. 16-18

Foldnes kyrkje  
søndag 3. januar 2021  
kl. 16

Kyrkjelydane vil invitere til juletreffest for vaksne og barn! Men me vil be alle om å følgje med på nettsida [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden) og sosiale mediar/ facebook om det blir endringar som følgje av smittevern. Det blir kanskje ikkje tradisjonell juletrengang, ei heller julekakebuffet, men ei fin og stemningsfull juletreffest ønskjer vi likevel å lage til. I Landro blir det julegang rundt kyrkja.

Det blir påmelding i Foldnes (følg med på facebookside og nettsida) og i Fjell (påmelding til Jorunn S. Gjersvik 902 88 949 eller mail til [jorunn.gjersvik@bkkfiber.no](mailto:jorunn.gjersvik@bkkfiber.no)).



## GOSPELKOR!



På nyåret starter et nytt kor i Foldnes kirke, som skal synge gospel, salmer, soul og populærmusikk. Bli med på en uforpliktende øving med koret 20. januar kl. 19.30-21.30!

Det blir øving hver onsdag kl. 19.30-21.30. Er du interessert kan du ta kontakt med Renate Olsen Seim (99463819) – det er også på dette telefonnummeret du melder deg på (vi trenger påmelding i forkant mtp smittevern).

## Vårkonsert-dugnad i Foldnes kyrkje

I denne førjulstiden hvor utvalget av julekonserter ganske sikkert blir mye mindre enn det vi er vant til, kan du nå få se fram til en helt ny vårkonsert som vil gi gjenklang i mange år framover.

### "Vårkonsert med påfyll"

Fredag 19. februar kl. 19 er det klart for "Vårkonsert med påfyll" både for tanken og sinnet. Det blir stemningsfull sang og musikk, Maria Tveten vil dele noen kveldstanker og Hein Kvalheim skal snakke om temaet "Hva er viktig i livet".

Kveldens kapellmester er Aasmund Brekke som har fått med seg Solveig Mo, Bergljot Gjedrem, Roy Vorland, Remy Olsen, Solveig Algrøy Hjørnevik som vokalister, Trygve Hellesen, Erlend Gjøen og Tor Håvard Wiig i bandet og lydtekniker Jørn Karlsen Ynnesdal.

### Nytt lydanlegg i Foldnes kyrkje

Bakgrunnen for arrangementet er at Foldnes kyrkje fyller 20 år i 2021. Som gave til jubilaranten ønsker

soknerådet i Foldnes å fornye lydanlegget som er like gammelt som kirken. Dette vil for det første gi bedre lyd, men også gjøre det mulig å gjennomføre større produksjoner i kirken.

### Kinderegg

Det er fantastisk at alle deltakere stiller opp gratis denne kvelden slik at billettinntektene går uavkortet til jubileumsgaven.

Kjøper du billett til "vårkonsert-dugnaden" får du

- En flott vårkonsert 19. februar
- Bedre lydopplevelse i kirken når det nye anlegget er på plass
- Mulighet til å oppleve flere konserter i Foldnes kyrkje i framtiden.

### Billetter legges ut over nyttår - Pris per billett er kr. 500,-

Bedrifter kan bestille "sponsorpakker" som inkluderer billetter til konserten.

Ønsker du å få med deg denne fine våroplevelsen?

Send bestilling etter 1. januar på epost til [lyddugnad@gmail.com](mailto:lyddugnad@gmail.com) eller SMS til 915 70 998.

Skriv hvor mange billetter du ønsker, så hører du fra oss.

På grunn smittevernhensyn kan det være et begrenset antall billetter som er tilgjengelig, så vær rask med å bestille etter nyttår!

Foldnes kyrkje  
fredag 19. februar kl. 19.00

# Vårkonsert

med påfyll

Konsert ved Aasmund Brekke og Solveig Mo, Bergljot Gjedrem, Roy Vorland, Remy Olsen, Solveig Algrøy Hjørnevik, Trygve Hellesen, Erlend Gjøen, Tor Håvard Wiig

Kveldstankar ved Maria Tveten  
Foredrag om livsmestring ved Hein Kvalheim:  
Kva er viktig i livet?



Billetter kr. 500  
Bestill billetter på [lyddugnad@gmail.com](mailto:lyddugnad@gmail.com)  
eller tlf. 915 70 998

Alle inntekter går uavkorta til  
nytt lydanlegg i Foldnes kyrkje

Konserten blir gjennomført i samsvar  
med gjeldende smittevernreglar





# Glimt frå barne- og tweenskorøving i Landro kyrkje

TEKST OG FOTO: BJARTE NESE



Klokka har passert 17.30 på ein tysdag i oktober. Barnekorøvinga i gang. «Epler og pærer de vokser på trærne» er ein av oppvarmingssongane. Så litt strekk og tøy for å klargjere stemmebanda til songstunda. Smittevernomsyn gjer at ein står med god avstand. Det kjennest nok litt rart, men fungerer tydelegvis. Ny song for dagen er

«Min Gud er en god, god Gud». Eline (korleiar) syng først, men etterkvart heng fleire og fleire stemmer seg på, snart syng heile koret. Fleire singlar blir sunge. Det er stor songglede, og armar og bein dansar med. Litt seinare viser det seg at ei av jentene i koret har skriva ein liten song. Ho syng den for koret, og snart heng

heile koret seg på, før øvinga vert avslutta for denne gong.

Men, heilt på tampen..... «vi gløymte rasleegga.....dei må vi få prøve» kjem det frå ei. Rasleegga blir delt ut i full fart. For tweensgjengen er begynt å komme. Dei begynner si songstund kl. 18.35.

**V**i syng jula inn

Landro kyrkje  
13. des. 2020 kl. 17.30

**Song og musikk:** Landro barne- og tweenskor  
Elisabeth B. Leganger  
Lokale aktørar  
Allsong og Band

**Andakt:** Bjarne Nese

**Kollekt**

**Velkomen!**

BALD AND BEAUTIFUL PRODUCTIONS AS PRESENTERER

TORSTEIN SØDAL VIVIAN SØRMELAND CHRISTIAN INGEBRIGTSEN TINE THING HELSETH GAUTE ORMÅSEN

**Vår Jul**

Landro kyrkje  
søndag 6. desember kl. 17.00

Kapellmester: Øystein Lund Olafsen | Billettene kjøpes på **ticketmaster**® og ved inngangen

**Nyttårskonsert**

med Sotra Reviderte og  
Fjell Kyrkjebrass

Laurdag 23. januar 2021  
kl. 17.00  
Fjell kyrkje

DEN NORSKE KYRKJA  
Fjell sokn

*Vi syng  
jula inn*

**Foldnes kyrkje** Søndag 20. desember kl. 17.30  
Lukas Tensing  
Mannskoret Avogtil  
Solveig Mo med  
musikarar frå Sotra  
Storband

**Fjell kyrkje** Søndag 20. desember kl. 17.30  
Sotra Reviderte  
Fjell Kyrkjebrass  
Solistar



# Visitas og kommunemøte

Det var bispevisitas i Sund sokn 3. – 8. november.

TEKST: OLAV MARTIN VIK  
FOTO: VIGLEIK BREKKE, ØYGARDEN KOMMUNE



Frå venstre; Dag Olav Bjørøy (leiar Øygarden kyrkjelege fellesråd), Erling Vik (leiar Hjelme og Blomvåg sokneråd), Atle Dåvøy (varaordførar), Tom Georg Indrevik (ordførar), Astrid Fylling (seksjonsleiar for diakoni Øygarden kyrkjelege fellesråd), Vetle Karlson Eide (Senierrådgjever diakoni, samfunn og misjon i Bjørgvin bispedøme), Annlaug Børve (kyrkjevevjerje Øygarden kyrkjelege fellesråd), Tore Skjæveland (kyrkjefagsjef Bjørgvin bispedøme), Halvor Nordhaug (biskop), Kjell-Asle Børnes (sokneprest Sund) og Svein Myklebust (leiar i Sund sokneråd).

Delar av programmet måtte dessverre gå ut som følge av nye nasjonale og lokale smitteverntiltak. Gudstenesta 8. november som skulle markere avslutninga av visitasen gjekk også ut.

Ved ein visitas møter biskopen kommunen. Eit slikt møte omfattar heile verksemda til Den norske kyrkja i kommunen. I møtet trakk ordføraren fram det gode samarbeidet som er mellom frivillighet/næringsliv, kommune og kyrkja. Eit godt døme på dette er Basecamp. Ordføraren viste også til suksessen med fellesgudstenesta 5. januar i samband med etableringa av den nye kommunen.

Ordføraren var oppteken av at bindingane mellom kommunen og kyrkja må forankrast i samfunnsdelen i kommuneplanen som no er i arbeid.



Ordførar Tom Georg Indrevik og biskop Halvor Nordhaug helste på kvarandre på koronavirus.

Biskopen la vekt på det gode samarbeidet som har vore mellom kommunane og lokalkyrkja og at det samarbeidet må vidareførast. Kommunen ser kyrkja er biskopen si oppfatning.

Diakoni, samarbeidet mellom kyrkje og skule/barnehage og vedlikehald var også tema.

I februar er det visitas i Hjelme og Blomvåg sokn i Øygarden og soknerådsleiar i Sund, og Hjelme og Blomvåg deltok difor i møtet med kommunen. På fellesrådsnivå møtte fellesrådsleiar og kyrkjevevjerje saman med seksjonsleiar for diakoni.

## Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

### Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnespel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lilleørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630
- Ungdomslørdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

### Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Kveldsbøn:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Morgonbøn:** Kvar torsdag kl. 07.00–07.20. Kontakt: Morten Trosvik tlf. 9093 7169
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Sognie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdag kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710
- Fjell barnekor:** Barnekor et øver annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

### Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronavent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
- Nordre Fjell Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Ungdomsklubb:** I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

## Bli med på voksen-KRIK!



Hei! Vi er en gjeng voksne KRIKere (Kristen idrettskontakt) som liker idrettsglede, trosglede og livsglede. Vanligvis møtes vi i gymsalen med ei sosial samling etterpå. For tiden er vi preget av pandemien, men den hindrer oss ikke i å gå på turer og oppleve Sotras fantastiske kyst og fjell-landskap. Noen turer er planlagte, mens andre kan skje litt på sparket. Har du lyst å bli med? Send din mailadresse til [sn725@kyrkja.no](mailto:sn725@kyrkja.no), og du vil få informasjon på din mail. Vi har også en FB side: VoksenKRIK-Sotra.

Katrine Abelsen og Sognie L. Nilsen

Velkomen på T-dagar!



T3 «Advent»

Søndag 29. november i alle tre kyrkjene.



T12 LysVaken

Pga. dei nye smittetilaka, flyttar vi T12 LysVaken til 17.-18. april 2021. Hald av helga!

Det vil kome meir utfyllande info om desse T-dagane etterkvart. Det er difor veldig viktig å følgje med på nettsidene våre: [www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

Vi er òg på Facebook, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.



### T11 – «På sporet av Jesus»

Fredag 25. september hadde vi ein litt annleis T11-dag. Vegen rundt amfiat ved Foldnes kyrkje var gjort om til «Galilea», og elleveåringane fekk møte mange personar medan dei sat trygt i bilen. Dei fekk treffe både Maria frå Magdala, fiskaren Peter ved Genesaretsjøen, systera til den lamme mannen i Kapernaum, synagogeforstandaren i Nasaret, Sakkeus i Jeriko... og nokre kjekke ungdomsleiarar som fortalde om tweensarbeidet i kyrkjene våre.



### T10 – «Minitweenskveld»

Fredag 30. oktober var femteklassingane inviterte til Fjell kyrkje. Dei hadde fått beskjed om å ha på seg mørke klede og ta med seg lommelykt. Då dei kom til kyrkja, fekk dei vandre i trygge kohortar gjennom kyrkja. Undervegs var dei innom både ein «gresskarandakt» og ein kiosk, og siste post på vandrainga var «Escape room» i kjellaren. Alle klarte å løyse oppgåva og kome seg ut.





## Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 29. november	11.00	T3 Familiegudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Amathea
Søndag 6. desember	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Nattverd	
Søndag 6. desember	18.00	Lysmesse	Jan Tommy Fosse		Kirkens bymisjon i Bergen
Søndag 13. desember	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Søndag 20. desember	17.30	Vi syng jula inn	Morten Torsvik		Eige arbeid
Julaftan 24. desember	14.00	Familiegudsteneste	Morten Torsvik		Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Julaftan 24. desember	16.00	Familiegudsteneste	Morten Torsvik		Kirkens Nødhjelp/Eige arbeid
Juledag 25. desember	12.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Nattverd	Bibelselskapet
2. juledag 26. desember	12.00	Ung messe	Morten Torsvik		Stefanusalliansen
Nyttårsaftan 31. desember	23.15	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	
Søndag 3. januar	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Søndag 10. januar	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Nattverd	
Søndag 17. januar	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	
Søndag 24. januar	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	
Søndag 31. januar	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	

## Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 29. november	11.00	T3 Familiegudsteneste	Maria Tveten	Dåp	Eige arbeid
Søndag 6. desember	18.00	Lysmesse	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 13. desember	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp	Areopagos
Søndag 20. desember	17.30	Vi syng jula inn	Maria Tveten		Eige arbeid
Julaftan 24. desember	14.00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Julaftan 24. desember	16.00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Juledag 25. desember	12.00	Høgtidsgudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	NMS Thailand/DNI- Jesu døtre
Søndag 27. desember	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	Kristent Innvandrerarbeid
Søndag 10. januar	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Himalpartner
Søndag 17. januar	11.00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 24. januar	11.00	Jazzgudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Misjonsalliansen
Søndag 31. januar	19.00	Kveldsgudsteneste	Jan Tommy Fosse	Nattverd	Bibelselskapet

## Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 29. november	11.00	T3 Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Misjonsprosjekt m. NMS i Thailand
Søndag 6. desember	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese		Ope offer
Søndag 13. desember	17.30	Vi syng jula inn	Bjarte Nese		Eige arbeid/kyrkjemusikk
Julaftan 24. desember	14.30	Familiegudsteneste	Bjarte Nese		
Julaftan 24. desember	16.00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese		
Juledag 25. desember	12.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Nyttårsdag 1. januar	12.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Norsk Luthersk Misjonssamband
Søndag 10. januar	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Amathea
Søndag 17. januar	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Misjonsprosjektet NMS
Søndag 31. januar	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Bibelselskapet

Endringar kan komme, det kan bli påmelding på nokre av gudstenestene.  
I tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester.  
Følg med på nettsidene: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

## Fjell kyrkje

## Døypete

27.09.2020

Daniel Lillemork  
Astrid Pauline Engelsen Eide  
Laura Algrøy  
Samuel Solsvik  
Edvin Bjordal

11.10.2020

Sienna Elise Boss  
Sara Velure Håkonsund  
Leander Hille Lyngved

18.10.2020

Marcus Børhaug-Haugen  
Sverre Mykltun Spilde  
Melina Skaar Bjelland

24.10.2020

Gabriel Drange Fjell  
Elle Bjørkedal  
Magnus Høyaldn Hjartøy  
Melissa Mikkelsen

08.11.2020

Benjamin Da Silva Ekerhovd  
Henry Egan Ulveseth

## Vigde

10.10.2020

Miriam Vesteraas og Kristian Skjørli Ree

## Døde

Betsy Fjeld f. 1944  
Britt Lillian Skoge f. 1941  
Per Asle Fjæreide f. 1958  
Else Gudrun Morlandstø f. 1931  
Magnus Erling Skålevik f. 1939  
Turid Bjørg Tesaker f. 1939

## Foldnes kyrkje

## Døypete

19.09.2020

Fillip Træet Edvardsen

20.09.2020

Thale Håkonsund Jensen  
Alva Grasmø Heimark  
Maja Langeland Nordvik

26.09.2020

Oline Søreide Drivenes  
Marie Skaga  
Johannes Gjøn  
Sofia Ims  
Max Ulveseth

04.10.2020

Alva Bransdahl-Halvorsen  
Zoe Spies Horvath  
Amalie Skibenes Utne

24.10.2020

Emilia Kaldestad Tveit

31.10.2020

Ellie Bratland Polo  
Oskar Sørheim Espevoll

08.11.2020

Nixon Rufus Rasmussen  
Trym Mattheo Volden

## Vigde

19.09.2020

Silje Træet Andersen og  
Aleksander Edvardsen

24.10.2020

Elisabeth Kaldestad og Kyrre Tveit

## Døde

Ann-Britt Larsen f. 1948  
Gerd Johanne Olsen f. 1940  
Björg Botnedal f. 1933  
Terje Leifson f. 1955  
Britt Eli Gjellestad f. 1957  
Grethe Helene Johnsen f. 1937  
Astrid Irene Bøe f. 1948

## Landro kyrkje

## Døypete

27.09.2020

Alma Wilborn Larsen  
William Vindenes Helsø  
Sebastian Henriksen Igland  
Iben Engesæth Stokka  
Lilly Amalie Carlsson

04.10.2020

Ada Helgesen  
Leah Langeland  
Martine Wanvik Siggerud  
Valdemar Jørgen Steen

18.10.2020

Albert Cabiles Langeland

25.10.2020

Tiril Sofie Aune Bach

08.11.2020

Matias Kuven Kolltveit  
Fredrik Skei Langeland  
Agate Elvestad  
Jostein Elvestad

## Døde

Karl Monsen f. 1926  
John S. Landro f. 1926

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døy. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

TRENG DU NOKON Å  
SNACKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**



**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

**Fjell-ly** **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**

**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)

**Solstrands**  
Begravningsbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

**Din lokale elektriker!**

**VESTGAR ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210  
[post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) - [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

**BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75

**Bjorgvin** Døgnvakt 55 20 23 00  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)  
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

**BEGRAVELSESBYRÅ FORUM**

**vopps** Takk for di gåve!

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Basecamp RePro: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Merk meldingen med føremål og dato

**Hilsen fra pensjonistforbundet Fjell**

Pensjonistforbundet Fjell har måtte avlyse alle møter etter at koronaen kom. Det er leit, men helsen til den enkelte er det viktigste hensynet vi må ta. Vi skulle feiret 40 år som organisasjon i år, og har planene klare. Vanlige møter og feiringen av jubileum skal vi gjennomført så snart smitten er under kontroll og vi kan gjøre det med trygge rammer.

Imens må alle delta på den viktige oppgaven det er å følge smittevernrådene. Da kan det bli kontroll og vi kan gjenoppta kontakten med hverandre.

Hold kontakt med familie, venner og naboer. Gå gjerne inn på nrk.no, finn fram diktet til Arne Torget: Han kjem den dagen.

Med hilsen Egil Haaland,  
leiar Pensjonistforbundet Fjell.

**Kontaktinfo**

**Soknerådsleiarane**

**Fjell sokneråd:**  
Jorunn Småbrekke Gjersvik  
[jorunn.gjersvik@bkkfiber.no](mailto:jorunn.gjersvik@bkkfiber.no)

**Foldnes sokneråd:**  
Per Helge Refvik  
[perhelgerefvik@msn.com](mailto:perhelgerefvik@msn.com)

**Landro sokneråd:**  
Tove Karin Lyngsmo Angelveit  
[tove.karin@outlook.com](mailto:tove.karin@outlook.com)

**Sjelesorg og samtale**

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

**Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?**

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no) ved manglande levering.

**Innleveringsfrist**

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:  
**12. januar 2021**

**Kontakt med ansvarleg for grav**

Vi ønsker kontakt med fester/ ansvarleg for denne grava.

**ØYGARDEN KYRKJEKONTOR**  
tlf. 400 03 316  
[post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kyrkjegardsforvaltninga manglar kontaktinformasjon for mange graver i Øygarden. Vi ynskjer å få oppdatert listene på festeansvarleg og har difor satt på "lapp" på ein del gravmonument. Dersom du finn ein slik "lapp" på ei grav du har ansvar for, ber vi deg ta kontakt med kyrkjekontoret i Øygarden. Dersom vi ikkje oppnår kontakt vil gravminnet bli tatt vekk frå gravplassen etter 1/2 år. Dette til informasjon.

**Babysong**

**Fjell kyrkje**

Måndagar kl. 12.30-14.30, i samarbeid mellom Åpen barnehage og T-dagen.  
Påmelding pr. sms til tlf. 975 78 956

**Foldnes kyrkje**

Eit fem vekers kurs i 2021:  
F.o.m. måndag 11. januar t.o.m. 8. februar, kl. 10.00-11.30.  
Påmelding på [kyrkja.no/t-dagen/t1](http://kyrkja.no/t-dagen/t1)

**Landro kyrkje**


Sannsynlegvis oppstart babysong i februar.  
Meir info kjem på Åpen barnehage si Facebookside.



# Barnekryssord

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



## Vannrett:

1. Høytid
4. Kamerat
6. Daniel Åsen
7. Hodeplagg
8. Ordne
9. Svein Roede
11. Til hest
13. Iskald type
17. Guttenavn
18. To like
19. Retning
20. Månefase

## Loddrett:

1. Født i en stall
2. Mirakel
3. I toppen av treet
5. Rekker
7. Skrattet
10. Far
12. Jentenavn
13. To like
14. Tall
15. Myk
16. Kvinne

Bli med i trekning  
av hamburger med  
drikke og dessert for  
4 personar på Burger  
King Sartor!

Send inn kryssord til:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutt: Kryssord  
Frist: 12. januar



Vinnar av Barnekryssord  
i nr. 5 – 2020:  
Natalie Vik Halleraker  
frå Foldnes



## Dåp

## Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding  
til dåp og dåpskurs gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

Namn.....

Adresse.....



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellestråd